


«Um einskindmenn byggja kyrkju, anten lendmann gjer det eller bonde, eller kven det er som byggja kyrkju, skal han halda henne i stand og i  
Men um kyrkja brotnar og hyrnestavane fell, då skal han føra timber på tufti innan tolv mána  
um det ikkje kjem, skal han bota tre merker for det til biskop»

## VED LIKE - DOKUMENTASJONS- OG VEDLIKEHALDSVERKTØYET

### Om verktøyet



Ved Like skal kunna gi eit grunnlag for at naudsynt vedlikehaldsarbeid blir gjort på riktig måte og til riktig tid, og samstundes gjera arbeidet meir oversiktleg for dei som er involverte i forvaltninga av stavkyrkjene. Målgruppe for verktøyet er primært forvaltarar og handverkarar som har ansvar for vedlikehald av stavkyrkjer.

Ved Like skal innehalde tre hovuddelar; ein generell del om stavkyrkjene, ein informasjonsdel om kvar einskild stavkyrkje (Gol blir brukt som eksempelobjekt her), og ein vedlikehaldsdel. I informasjonsdelen finn ein historie, grunnleggjande informasjon, oversikt over dokumentasjon, vedlikehaldshistorikk og aktuell kontaktinformasjon tilpassa kvart objekt. Vedlikehaldsdelen inneheld vedlikehaldsstrategi, skjema for periodisk ettersyn og vedlikehald, og skjema for vedlikehald som krevjer omfattande tiltak. Ved Like vil vera eit bindeledd mellom verneteori og handverkarpraksis.

I denne oppgåva viser eg papirutgåva av verktøyet, men det er tenkt at det kan lagast ei elektronisk utgåve for bruk på pc, og nettbrett i felt. Her er eit utkast til korleis den elektroniske utgåva av Ved Like kan sjå ut, med Gol som eksempel. I ein overgangsperiode kan ein òg nytte ei papirutgåve i felt, men då lyt data leggjast inn i databasa i etterkant.

Ved Like kan utviklast med data for alle stavkyrkjene i Norge, knytt opp til ei sentral database. Slik kan ein enkelt samle informasjon for kvar stavkyrkje, og dele kunnskap på tvers av forvaltarane.




Slik kan den elektroniske utgåva sjå ut. For feltbruk er det praktisk å ha nettbrettet i vasssett lomme.

### PRINSIPP FOR VEDLIKEHALD

Retningslinjer og rutiner er eit godt grunnlag for eit berekraftig vedlikehald, og vil vera ei viktig kopling mellom verneteori og praktisk bygningsvern. Prinsippa og metodane for vedlikehald av stavkyrkjer presenterer i "Ved Like" er overførbare til eldre trebygningar generelt, og kan såleis vera nyttige i andre samanhengar òg. Periodisk ettersyn, skaderegistrering, utføring av vedlikehald og dokumentasjon er grunnleggjande i alle høve. Vidare vil det vera individuelle behov utifrå historia og bruken til bygningen.

### Rollefordeling



- **Vedlikehaldsansvarleg:** fast, kvalifisert handverkar, som gjerne har vore involvert i større vedlikehaldsarbeid utført på kyrkja tidlegare. Står for periodisk ettersyn, skaderegistrering og enkelt vedlikehald, og dokumenterer arbeid som blir utført. På musea er det naturleg at denne personen er ein av dei tilsette handverkarane, medan for dei andre stavkyrkjene, kan det vera ein handverkar som har ansvar for fleire kyrkjer i same region, eller ein kyrkjetjenar med god handverkskunnskap.

- **Spesialist:** kan arbeide på område som fukt- og skadedyrkontroll, brannsikring, tjøreproduksjon, oppmåling, bygningsfysikk, etc., og blir henta inn etter behov.

- **Forvaltar:** vurderer dei omfattande tiltaka i samarbeid med vedlikehaldsansvarleg og eventuelt andre handverkarar, søker løyve hjå Riksantikvaren om naudsynt, planlegg gjennomføring, har økonomiansvar, hentar inn spesialistar etter behov og er i samarbeid med vedlikehaldsansvarleg ansvarleg for dokumentasjon av avgjersler, prosess og resultat. Forvaltaren vil i museumssamanheng vera avdelings-/seksjonsleiar (byggningsantikvarisk/bygningsvern). Stavkyrkjene som er ått av Fortidsminneforeninga vil ha leiaren for den aktuelle fylkesavdelinga som forvaltar. For dei andre stavkyrkjene vil kyrkjevergen i kommunen ha forvaltarrolla.

### Eksempel på bruk av Ved Like: den rotne draken



Under arbeid på Gol stavkyrkje i samband med stavkyrkje-programmet i 2012, vart det mellom anna oppdaga at draken på enda av søraustre vindski på taktrytaren hadde røteskader som gjorde at han snart ville detta ifrå kvarandre. Skada vart reparert, men lat oss sjå korleis det ville ha sett ut om skada vart oppdaga på ein periodisk ettersynsrunde der Ved Like var i bruk:



Skjema for "periodisk ettersyn og skaderegistrering" vart fylt og, og vedlikehaldsansvarleg vart merksam på at det strengtest ein spesialist for denne oppgåva: nemlig ein arkitekt til å gjera ei oppmåling og laga ei arbeidsteikning for treskjæring i 1:1. Da vart skjema for "omfattande tiltak" fylt ut, og ein arkitekt vart kontakta for å gjera oppdraget. (Foto: Ole Jørgen Schreiner)



Når arbeidsteikninga var på plass kunne vedlikehaldsansvarleg, som er ein dyktig handverkar, skjæra ut ein ny drake. Den forrige var laga i gran, eit val som vart gjort i 1884. I denne omgangen vart det veld malmfuru, ettersom dette er vesentleg meir haldbart, og at dette truleg vart det materialet dei ville ha brukt opphavleg, på 1200-talet da kyrkja vart reist. (Foto: Ole Jørgen Schreiner)



Den nye draken er montert på plass, og kan halde minst like lenge som den forrige (som gjekk i oppløysing ved demontering grunna røteskada), spesielt når han får eit nytt lag med tjøre jarnlegg. Heile prosessen (med avgjersler og gjennomføring) vart dokumentert undervegs i Ved Like, og kan hentast fram att seinare om naudsynt.